


05.04. 2009



# Hjort på Veitastrond

LUSTER KOMMUNE 2009

## Status Veitastrond

Luster kommune gir som dei siste to åra ut eigne korte rapportar over viltforvaltninga i kvar hjortesone. Dette vert gjort slik at de som jegerar og grunneigarar får tilgang til den same informasjonen som kommunen, og at me dermed kanskje kan få til ei endå betre avskytning og forvaltning. Det er også laga eit eige hefte om forvaltning og avskyting kommunen sett under eitt, som er meir omfattande og som de også bør sjå på. Dei ulike valda sin tildeling og avskyting dei siste tre åra ligg bakarst.

Verdiane knytt til hjortebestanden i sona er store både økonomisk og gjennom rekreasjon. Berre hjortekjøtet i 2008 er vurdert til rundt kr 151 000 for sona.

Jegerar og grunneigarar bør dermed sjå nytten av ei god og framtidsretta forvaltning av desse felles verdiane.

På dei neste sidene vil me både presentere og tolke statistikken som me har laga for sona.

For å samanlikne dykkar sone med andre område, bør de studere heftet "hjort i Luster kommune".

De vil få kjennskap til:

- *Historisk tildeling*
- *Historisk avskyting*
- *Jaktpreferanse*
- *Bestandssamansetjing*
- *Bestandsvekst*
- *Kor lenge de er på jakt*




Ein flott dag på Tungestølen

## Tildeling

Figuren syner at både tildelinga og tildelingsfordelinga har variert dei siste åra. Dette skyldast at ein har endra på arealkravet bak kvart løyve i samsvar med kva ein har funne naudsynt etter varierende tettleik i ulike område.

I 2008 gjekk kommunen bort i frå eit tildelingsregime som opna for "frie" løyve og over til eit regime med kun spesifiserte løyver. Dei "frie" løyva i 2008 er fleirårige løyver til storvald i samsvar med bestandsplan.



Endringa bort i frå frie løyve vart innført for å freiste å auke den retta avskytinga med vekt på kalvar og hodyr, sidan ein i 2008 hadde ei stor auke i totaltildelinga. Auka uttak av hodyr er viktig for å avgrense veksten i stamma, medan eit høgt uttak av kalv og ungdyr er viktig for kvaliteten og avkastninga til stamma.



I sona dykkar er Kvam storvald godkjent som storvald og desse får frie løyve i samsvar med vedteken bestandsplan.

## Avskyting

Utvida jakt, stor auke i tildeling og kanskje ein framleis aukande bestand har ført til eit nytt år med rekordavskyting i kommunen.

Dette gjeld ikkje for Veitastrond som dei siste tre åra har hatt ei nokolunde stabil avskyting. Utvida jakt og auka kvoter har lite å seie for Veitastrond som har naturleg lite dyr og som er sommarbeite.

Det vart i 2008 skote like mange eldre hodyr som eldre hanndyr i Veitastrond, noko som kan tyde på at avskytingsfordelinga har betra seg.



# “Sett– hjort” - Korleis er hjortestamma?

I grafen til høgre har me sett på om sona føretrekk å skyte eldre hanndyr (om dei tek ut fleire enn ein kan forvente ut frå førekomsten etter "sett –hjort"), eller om dei "sparar" eldre hanndyr (tek ut færre enn ein kan forvente ut i frå observasjonane). Forklaringa til grafen er at alt over 100 % betyr at då vert eldre hanndyr føretrekt i meir eller mindre grad, medan alt under 100% betyr sparing av eldre hanndyr.

Som de ser så sparar de no eldre bukk mykje meir enn tidlegare. Faktisk er Veitastrand sona i Luster der ein tek ut færrest av dei eldre hanndyra som ein har observert under jakta. Dette er svært bra og syner at Veitastrendingane har teke grep for å ha ei berekraftig forvaltning.

Grafen til høgre syner den observerte bestandssamansetninga. Ein ser at det er som venta ein stor andel med hanndyr i bestanden i sona.

Denne grafen syner observerte dyr per jakttime per år i utmark. Det ser i følge dette ut til at tettleiken av hjort auka i 2007, medan bestanden gjekk noko attende i 2008.

Jaktinnsatsen har vore relativt stabil siste fem åra.

